



Bergen, 19.09.2023

## Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for endra plassering av fôrflåte for lokalitet Vikane, Masfjorden kommune

STIM AS viser til dialog mellom Blom Fiskeoppdrett AS, Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune om plassering av fôrflåte til omsøkt anlegg på Vikane i Masfjorden kommune. Det er ønskje frå kommunen og fylkeskommunen om å endre plasseringa til flåten lenger ut i fjorden for å få betre avstand til bustader på land. Flyttinga medfører at ein kjem inn i areal avsett til fiske i kommuneplanen og ein må difor ha dispensasjon frå gjeldande arealplan for å etablere anlegget. Det vert på bakgrunn av dette søkt om dispensasjon frå arealføremål fiske i kommuneplanens arealdel, for å kunne etablere fôrflåte for omsøkt ny plassering av matfiskanlegget på Vikane.

### Planstatus og søknad etter akvakulturlova

Det aktuelle arealet fôrflåten skal plasserast inn i, er avsett til framtidig akvakulturareal i interkommunal plan for sjøareal som er under utarbeiding og per no er til 3.gongs høyring. Plasseringa av flåten er gjort slik at ein truleg kan snu denne 180 grader og slik fungere for eit nytt og større anlegg som skal samle drifta på Vikane, Rekeviki og Nesbø.

Anlegget er i utgangspunktet omsøkt etter gjeldande arealplan for Masfjorden kommune, slik at opphavleg anlegg var omsøkt innanfor gjeldande akvakulturareal i kommuneplanen. Seinare har kommunen og fylkeskommunen bedt om å flytte fôrflåten. Når det gjeld den interkommunale planen, set denne i utgangspunktet krav i føresegn 3.1.9 c) i. c. 1. om at akvakulturarealet AKV\_05 ikkje kan takast i bruk før lokaliteten på Rekeviki i Alver er avslutta. Blom Fiskeoppdrett ynskja å flytte anlegget i tråd med kommuneplanen før neste utsett av fisk på lokaliteten, og har lagt opp prosessen etter dette uavhengig av framdrifta i det interkommunale planarbeidet då dette starta opp parallelt med at Blom starta si planlegging i samsvar med kommuneplanen.


Føresegn 3.1.9 c) i. c. 1. i den interkommunale planen har nokre utfordringar i høve prosess for søknad om å etablere seg i dette arealet og samla produksjonen frå Rekeviki og Vikane. For det første bør ein normalt gjennomgå ein produksjonssyklus med ein lågare biomasse før ein får utvida til biomasse utover 3600 tonn. Slik sett vil flyttinga av anlegget bidra til at ein får gjennomført ein produksjonssyklus og får erfaringar frå produksjonen før ein eventuelt søker opp biomassen basert på denne. Skulle det vise seg at lokaliteten av ein eller annan grunn ikkje er eigna til ein større produksjon, vil det ikkje vere føremålstenleg å flytte produksjonen frå Rekeviki til denne lokaliteten.

Blom Fiskeoppdrett har intensjon om å flytte drifta frå Rekeviki til Vikane så snart som denne lokaliteten vert godkjent for tilstrekkeleg biomasse, men ser at for å unngå opphald i produksjonen ved både lokalitetane, så må Vikane få godkjenning etter gjeldande plan og ein kan ikkje ta risikoen ved

å vente på ny plan der det uansett er utfordringar knytt til å få tilstrekkeleg produksjonsvolum godkjent. Etter planen vil me søke om å utvide biomassen og eventuelt flytte anlegget til ei meir optimal plassering så snart me har gjennomført første produksjonssyklus med tilfredsstillande resultat med omsyn til primært miljø og fiskehelse. Skulle det vere moglegheitar for å flytte heile produksjonen i området på eit tidlegare tidspunkt, er Blom Fiskeoppdrett opne for dette. Det vert elles vist til tidlegare oversendt skriv til kommunen og fylkeskommunen knytt til korleis Blom Fiskeoppdrett ser for seg ei flytting av produksjonen frå Rekeviki til Vikane.


Når det gjeld føresegn 3.1.9 a) i den interkommunale planen, vil me etablere fôrflåten i tråd med føresegnene når det gjeld både fortøyingar og tilkopling av anlegget til landstraum. Fôrflåten vil bli utstyrt med hybrid generator som er klar for tilkopling til landstraum når alle løyver knytt til dette er klare. Fôrflåten ligg også utanfor aktsomheitssone for ras, slik at plasseringa ikkje vil medføre særskilte tiltak for dette.

Plassering av forflåta er vist på figur 1 under, og det er denne plasseringa det vert søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å etablere fôrflåten.



**Figur 1** Oversikt over ny plassering av fôrflåten for omsøkt anlegg på Vikane. Fôrflåten kjem utanfor areal sett av til akvakultur i arealdelen til Masfjorden kommune. Gul skravur viser areal som skal settast av til akvakultur i interkommunal plan for sjøareal og ny plassering av forflåta vil komme innanfor dette arealet. Lilla skravur viser mogleg nytt og større anlegg som kan erstatte omsøkt anlegg og anlegget i Rekeviki. Forflåten er plassert slik at den kan fungere for både omsøkt og framtidig anlegg.


Figur 2 viser omsøkt plassering av fôrflåten som er innanfor avsett areal til akvakultur. Endringa som kommunen og fylkeskommunen ynskjer medfører som nemnt at ein må flytte fôrflåten inn i areal som per no ikkje er vedteke sett av til akvakultur. Figur 3 viser tilhøvet til gjeldande plan for det omsøkte anlegget. Figur 4 viser framtidig plan for sjøareal i Nordhordland, der det aktuelle arealet er sett av til akvakultur.



Figur 2 Opphavleg plassering av anlegg og fôrflåte i søknad om løyve til akvakultur. Fôrflåte i blått med raude liner.



Figur 3 Utsnitt av gjeldande arealdel til kommuneplanen. Opphavleg omsøkt anlegg (raudt omriss) er plassert innanfor akvakulturreal AK1. Ny plassering av fôrflåten (raudt omriss) vil vere nord for akvakulturområdet i areal avsett til fiske (F). Grøn prikk viser den omsøkte plasseringa i akvakultursøknaden.



**Figur 4** Utsnitt frå framlegg til plankart for Masfjorden kommune sine sjøareal i interkommunal plan for sjøareal. Fôrflåten vil kome innanfor areal sett av til framtidig akvakultur AKV\_05 (mørk rosa).

### Arealinteresser på Vikane

Ny plassering av fôrflåten til anlegget på Vikane vil kome i eit område avsett til arealføremål Fiske i kommuneplanen. Det er også definert område for fiske med både aktiv og passiv reiskap i Yggdrasil kartdatabase. Fiske med aktiv reiskap etter makrell vert oppgitt å ha liten konflikt med oppdrettsanlegget i området, medan anlegget legg større avgrensingar på fiske etter lange med passiv reiskap i delar av feltet som er vist i Yggdrasil.

Forflåten med fortøyningar vil medføre at nokre typar fiskeri vert avgrensa der fortøyningane for anlegget kjem. Området er likevel i stor grad påverka frå før av fortøyningar for oppdrettsanlegget på Vikane, og totalt sett vil ikkje ei flytting av anlegget og fôrflåten medføre større endringar i det totale arealet som vert beslaglagt av fortøyningar då fortøyningane knytt til oppdrettsanlegget allereie legg beslag på desse areala eller at arealet som vert lagt beslag på vert flytta saman med resten av anlegget.

Ved å endre plassering på fôrflåten vil ein oppnå større avstand mellom busetnad i området og oppdrettsanlegget. Det er både gardsbruk og bustader på land tett på anlegget, i tillegg til at det er eit regulert bustadfelt (Einestrånd) i området. Ei flytting av forflåten ut av det avsette arealet for akvakultur medfører at flåten kjem om 600 meter frå bustaden på gbnr 59/10, mot omsøkte 300 meter. For gbnr 59/3 vil fôrflåten kome om lag 580 meter frå bustaden, mot omsøkte 380 meter. For fritidsbustaden på gbnr 59/6, vil avstanden auke til om lag 700 meter frå omsøkte 485 meter. Til næraste regulerde bustadtomt i reguleringsplan Einestrånd vil det være om lag 770 meter, frå omsøkte 520 meter.



Endra plassering for fôrflåten vil redusere ulemper knytt til lys, støy og aktiviteter tilknytt flåten for bustader og fritidsbustader i nærleiken av området. Fôrflåten vil også verte tilknytt landstraum så snart alle naudsynte avtalar er på plass for dette. Dette vil ytterlegare redusere støy frå flåten. Flytting av flåten vil også redusere den visuelle effekten for dei næraste bustadane, medan den ved å trekke den ut frå land vil bli meir synleg frå andre utsiktspunkt i området.

Det er ingen registrerte verneområde, verdifulle landskap eller kulturminne registrert i området.

Ny plassering av fôrflåten vil truleg bli meir eksponert for friluftsområdet på Melshovden då flåten vert trekt lenger ut frå land. Sidan det allereie er oppdrettsanlegg i området vil endringa vere marginal i høve dagens situasjon for friluftslivet.

Ei flytting av forflåten vil truleg ikkje gi noko spesiell endring i påverknad for truga artar eller naturtypar i området.

Det vert elles vist til konsekvensutgreiing for interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland (KU-vedlegg 3GH, side 42-43) og vurdering av behov for konsekvensutgreiing som er utarbeidd til søknaden etter akvakulturlova for utdjuping av tema knytt arealinteresser.

### Fordelar og ulemper ved dispensasjon

Endra plassering av fôrflåten vil i hovudsak ha positive konsekvensar sett opp i mot å plassere fôrflåten innanfor det avsette arealet i kommuneplanen.

Anlegget kjem lenger vekk frå busetnad og dette vil ha positive verknader med omsyn til verknader frå aktiviteten på fôrflåten. Sjølv om aktivitetane på anlegget skal overhalde støykrav i gjeldande rettleiarar, vil naboar kunne høyre aktiviteten på anlegget. Lenger avstand vil då bidra til å redusere lyd som kjem frå aktivitet på anlegget. Vidare vil eventuell bruk av lys i arbeidsoperasjonar vere mindre sjenerande. Visuell effekt vil også minske då avstanden vert mindre. Det må også påpeikast at ein ved å flytta fôrflåten som omsøkt kjem kommunens ynskje om plassering av akvakulturanlegget i møte, og at arealet er sett av til akvakultur i 3.gongs framlegg til interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland.

Negative konsekvensar er i første rekke knytt til at arealet fôrflåten vert flytta inn i eit areal som er avsett til føremålet fiske i kommuneplanens arealdel. Arealføremålet fiske vil uansett vere avgrensa grunna fiske- og forbodssonen rundt akvakulturanlegget og naudsynte fortøyningar for anlegget. Vidare vil ein kunne ta i bruk arealet som anlegget vert flytta frå lenger sør til fiskeri. Arealet fôrflåten vert flytta inn i er avsett til akvakultur i den interkommunale planen for sjøareal som har vore på 3.gongs høyring nyleg og er slik sett i tråd med framtidig plan.

### Høyring av søknaden

Søknaden er sendt rekommandert til naboar i tillegg til relevante mynde som er Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet, Kystverket og Vestland fylkeskommune den 29.08.2023. Det har per 19.09.2023 ikkje kome inn merknader frå naboar. Statsforvaltaren har peika på at dei ynskjer denne typen søknader tilsendt frå kommunen og har peika på tilhøve dei ynskjer ytterlegare belyst i søknaden. Fiskeridirektoratet peiker på at dei ikkje gir førehandsuttale i denne typen saker og ynskjer saka oversendt frå kommunen. Brev frå Statsforvaltaren og Fiskeridirektoratet er vedlagt søknaden.

Søknaden er oppdatert med informasjon som er etterlyst frå Statsforvaltaren.

### Oppsummering

Oppsummert så vil ei flytting av flåten føre til mindre verknader for naboar til akvakulturanlegget, og ei flytting av fôrflåten vil i første rekke vere positiv då ulempene ved flyttinga først og fremst er plantekniske og ikkje set til side kommuneplanen vesentleg då endringa er tett på akvakulturområdet og alternativ bruk til andre føremål ikkje er sannsynleg.

Me vil oppfordre Masfjorden kommune til å handsame den endra plasseringa av fôrflåten så snart som råd, slik at det ikkje lagar større forseinkingar for klareringa av den nye lokaliteten og utsett av fisk på denne.

Ved spørsmål knytt til søknaden, ta kontakt med Bjørnar Blom i Blom Fiskeoppdrett AS eller Christian Hagerup Reinshol i STIM Kunnskapstjenester AS.

### **Vedlegg:**

1. Varsel om søknad om dispensasjon
2. Kvittering for nabovarsel
3. Vikane - Oversiktskart med reguleringsstatus
4. Vikane - Oversiktskart med gards- og bruksnummer
5. Vikane - Oversiktskart med skredfare
6. Vikane – Vurdering av behov for konsekvensutgreiing
7. Skisse av planlagt flåte